

**PÅ FYKESTINGET:** *Linda Haugland Jondahl (Ap).* **ARKIV**

# – Kjempeviktig for det videre arbeidet

**Et enstemmig Hordaland fylkesting går i en felles uttale inn for å opprettholde akuttfunksjonene ved Odda og Stord sjukehus.**

ERNST OLSEN
ernst@hardanger-folkeblad.no
92817724

– Det var Aud Karin Oen (SV) som la fram uttalen, og gleden var stor da samtlige partier stilte seg bak, dette er kjempeviktig for det videre arbeidet, sier fylkespolitiker Linda Haugland Jondahl (Ap) om vedtaket fra fylkestinget den 9. desember.

I uttalen står det blant annet at et sjukehus uten akuttfunksjon er som et brannvesen uten tilgang på vann. Fylkestinget mener at befolkningsgrunnlaget bare et av mange kriterier som må vektlegges for hva slags funksjoner et lokalsykehus må ha.

– Det reelle pasientgrunnlaget for Odda sjukehus er mye større enn de 12 000 som er oppgitt i stortingsmeldingen. Dette ser vi på sommer- og vinterstid da turiststrømmen fører til at folketallet mangedobles. Samtidig opplever vi ekstremvær som fører til stengte veier og at ambulansehelikopter ikke kan lande, sier Jondahl.

Hun viser til at akuttkirurgi som oftest er enkle prinsipper som består av diagnostisering og stabilisering før en videresender pasienten til et større sjukehus.

– Tilfør lokalsjukehusene oppgaver og få ned sjukehuskøene. Kvalitet, trygghet og nærhet til folket der de bor.

**SENTRALISERING**

# *Korleis tek ein knekken på lokal-samfunnet?*

**DET FOREGÅR** ei sterkare sentralisering enn på lang tid. Bysamfunna skal veksa, og bygdene blir utarma.

**KVA KAN** ein gjera for å forsterka denne utviklinga? Det digitale samfunnet gjev oss mange muligheter, ein kan t.d. sjekka varene i den lokale butikken, så kan ein handla på nett - det er mykje billigare. Dei fleste er på facebook, og liknande, med mange vener, der kan ein leggja inn oppdaterte selfies, så treng ein ikkje gå ut å visa seg sjølv.

Når ein kjøper billigmat på Kiwi og Rimi, er det praktisk å smørja seg niste, slik at ein slepp å gå på kafé.

Vi har i dag såpass dyre bilar at det svarar seg å bruka bilen, få flest mogeleg kilometer å fordela kostnadene på.

Bussruter og korrespondanse, og omstiging, og Skysskort og Haukelikort er jo så komplekst at det er greiast å halda seg til bilen.

Når ein kjøper mat i stort på kjøpesenteret, er det svært praktisk å ta dette med seg på «hytto», og steikja indrefileten sjølv, så slepp ein gå ut i snødrevo for å besøkja næraste kafé - (som var der ein gong).

**I BYGDEBYEN** må ein byggja kjøpesenter, med stor parkeringsplass rett utanfor, der ein kjem greit til med bilen, og kan trilla varetrallo direkte til bagasjerommet.

Inne i kjøpesenteret er det varmt og godt, utan forstyrrande inntrykk av vind og sol og temperatur og anna som kan skipla handlemønsteret.

**NÅR EIN** byggjer bustadblokker i sentrum, så må første etasje avsetjast til parkering.Veggene må gjerast solide og tette, slik at ein ikkje får forstyrrande inntrykk når ein går og køyrer langs veggen.

**I DET** heile er det mange triks ein kan nytta for å eliminera det som ikkje løner seg.

Det er sjølvsagt best om alt er rasjonelt og billig - det er sluttsummen på kassalappen som tel.

**(STRYK DET** som ikkje passar - om du vil noko anna).

**Sondof Rabbe, Sivilarkitekt MNAL**



**VIDDA:** *Utsyn mot vest frå Holkaslaet 3. juli 2015, med litt av Holken til høgre, og Vassdalen og Store Koll lengst vest - ikkje mykje beite her så tidleg, korkje for rein eller sau.* **FOTO: PRIVAT**

# *Turisme og arealbruk på vidda*

**I EIT** lengre referat frå Hardangervidda villreinutval sitt haustmøte hadde HF 4. desember via mykje spalteplass på grunneigar Harald H. Kvaalen sitt foredrag. Her tok Kvaalen endå ein gong opp att kravet om stenging av Hellevassbu for å stoppa turistferdsla mellom Haukeliseter og Litlos. Lesarane av HF kan få inntrykk av at fotturistane som går denne løypa, faktisk hindrar reinen i å vandra vestover på sommaren. Sjølv om dette berre er ei synsing frå Kvaalen si side, har han repetert dette i så mange år no, at det for mange kan sjå ut som det er sanning. Ut frå Kvaalen sin argumentasjon bør vel dei fleste turisthyttene på Vidda stengjast fordi turistløypene hindrar reinen sine vandringar, anten det er mot vest, aust eller nord.

**VEST-VIDDA VAR** langt frå folketom i hundreåra før fotturistane tok i bruk fjellet. I Belebotn som ligg mellom Hellevassbu og Litlos, var det i lang tid støling. Det var òg folksamt på dei andre stølane på Hordalandssida; i Bjødnadalen og oppover Kvenna, frå Hansbu til Litlos. Det var budeier, gjetarar og buskap på alle stølane. Så kvifor skulle eit avgrensa tal fotturistar i desse områda vera så mykje meir forstyrrande for reinen enn alle dei andre som nytta (og nyttar) fjellet?

**SNØ ER** viktig for reinen sin tilgjenge til beite på Vidda. Arealet vest for løypa mellom Hellevassbu og Belebotn er høgtliggjande, og høyrer til dei mest snørike delane av Vestvidda. For å sitera O. Olafsen (1910): «Belebotnen har vidstrakte Beitestrækninger; men en stor Del af dem er saa høitliggende, at de er dekket af Sne og Is den største Del af Sommeren». Det er ikkje beite til større flokkar over tid tidleg på sommaren i desse områda, og i alle fall ikkje vestom Hellevass/Middalen og vestom Vivassdalen/Holmavatnet! Eit typisk døme på dette har eg frå starten av juli i år. Då var det ein større flokk på ca 350 dyr på sørsida av Kvennsjøen. Den var fleire dagar ute på isen på Kvennsjøen, og heilt over til Moldnuten/Fiskos, men den trekte mot søraust att trass i at det var vestaver, og ikkje folk i området. Den ville rett og slett ikkje vest, og med dei snømengdene det var i juli i år (sjå foto) er det forståeleg at hovuddelen av reinen held seg lenger aust. Mindre flokkar kjem likevel vestover tidleg på sommaren kvart år, og dei står her heilt til jaktstart 20. august, så heilt fritt for dyr er det ikke. Når det er skikkeleg vestaver eller nordvestleg vindretning i jakttida kjem reinen i større antal, og då er det samstundes gode beitetilhøve.

**SJØLV OM** sommaren i år var særleg ille med omsyn til snø, har det vore mange slike snørike somrar etter 1989. I dei siste tretti åra (1986-2015) har det i gjennomsnitt vore vesentleg meir snø på Vestvidda enn det var i dei føregåande tretti åra (1956-1985). Det betyr at sommarsesongen i gjennomsnitt har vorte kortare, med mindre beiteareal for reinen i fyrste del av sommaren. I år med mykje snø er det samstundes forsvinnande få fotturistar på Vestvidda, med særleg liten trafikk i juli månad. I dei snørike åra 2007, 2008, 2012 og 2015 var det i snitt berre seks overnattingar per dag på Litlos turisthytte i fyrste del av juli månad. Sidan langt frå alle som kjem til Litlos, brukar ruta Litlos-Hellevassbu-Haukeliseter, var det neppe meir enn 2-4 per dag som kom frå eller skulle til Hellevassbu i byrjinga av juli. Reintrekket kan med andre ord ikkje ha vorte særleg hindra på denne strekningen.

**DET ER** lite truleg at Kvaalen vil få gjennomslag for kravet om stenging av Hellevassbu, men om han og dei som støttar han skulle få viljen sin, må det forventast at òg dei andre hyttene og buene på strekninga Haukeliseter - Litlos, mellom anna hyttene i Hellevass og Belebotn, vert stengde. Eg trur neppe mange av dei som nyttar desse hyttene vil vera med på eit slikt eksperiment som må vara i minst ti år, fordi storleiken på stamma, framherskande vindretningar og vertilhøve har så mykje å sei for reinen sin arealbruk at det ikkje kan ventast noko svar etter berre nokre få år. Og kva med den allmenne ferdselen på strekningen Haukeliseter - Litlos, skal den òg verta forboden? Svaret gjev seg sjølv, og det er difor på tide at rette myndigheit skjer gjennom, og legg stengingsframlegget daudt.

**Reidar Borgstrøm**
Institutt for naturforvaltning, NMBU